

## **Styremøte i Sogn og Fjordane Sau og Geit 22.11.14**

### **i samband med geitehelga 22-23.11 på Skei**

#### **Til stades:**

Ragnhild Sæle

Lars Nesse

Jo Risløv

Lene Engvik Rasch

Vidar Sandal, 1. vara

#### **49/14 Kort tilbakemelding frå styremedlemene frå arrangement dei har delteke på.**

**Ragnhild:** Møte i referansegruppa for Sau i pluss 21.10, tur til Island 20-24. 10, møte i Sande 7.11, leiarsamling 8.11, representantskapsmøte 14-15.11, og møte på Nortura anlegget om sporing 20.11.

**Lars:** Møte i Sande 7.11, leiarsamling 8.11, representantskapsmøte 14-15.11, og rovviltmøte i Sogndal.

**Lene:** Leiarsamling 8.11.

#### **50/14 Resultat/balanse pr. 31.10.14**

Me tek rekneskapet til vitande.

#### **51/14 Innspel om kystgeit**

SFSG har fått inn eit innspel om at kystgeita er sakna som emne på geitehelga. Det er viktig at kjøttnæringane og får fokus. Geitegruppa vil difor invitere representantar frå dei ulike kjøttgeitproduksjonane med på sitt neste styremøte, og byrje samarbeidet der.

#### **52/14 Årsmelding 2014**

Me fordelte dei ulike oppgåvene i mellom oss.

#### **53/14 Tid og stad for årsmøte 2015**

Årsmøte 2015 blir 28. februar til 1. mars på Skei hotell. Denne gongen tek me årsmøtet på laurdag og fagdag søndag, i staden for fredag- laurdag. Me diskuterte aktuelle tema for fagdagen.

#### **54/14 Premiering av gjetarhund**

Styret drøfta premiering av beste gjetarhund på FM. Vi drøfta og om det skulle settast opp ein vandrepokal - kor gjetarhundlaga kunne komme med forslag til statuettar.

#### **55/14 Oppsummering av leiarsamlinga 8.11 2014**

I år blei leiarsamlinga heldt som dagsamling i Førde. 19 lag var representerte, og tilsaman var me 28 deltakarar.

Tema var: lokallagas time, beitesesongen 2014- kva kan ein gjere fram i mot 2015, og førebuing av innspel til jordbrukstingingar. Deltakarane var aktive, og det var eit godt møte. Gode tilbakemeldingar frå deltakarane. Bra med få tema, så ein får jobba godt med desse.

#### **56/ 14 Oppsummering av møtet på Sande**

Var eit nødvendig møte, samla heile 60 deltakarar.

#### **57/ 14 Ymse**

- Råmateriale til filmar: Foto Almenning er i ferd med å avvikle bedrifta si. Der er det funne mykje råmateriale som var filma av historisk geitdrift på 80-talet og bakover. Desse historiske klippa kan vere filma på same tid som den historiske sauefilmen. Vidar sjekkar nærmare opp i saka, og prøvar å lage eit kostnadsoverslag på kva det vil koste å få desse ferdige/ med god kvalitet. Vidare vil me søkje om middel til å fullføre denne jobben.
- Val av sentralt tillitsvalte i NSG mars 2015: Me føresler at Sigurd Vikesland held fram i sentralstyret, og Ragnhild Sæle som varaordførar. Lene sender svar.
- Styrene i Rogaland Sau og Geit, Vest-Agder Sau og Geit og Hordaland Sau og Geit vil foreslå at hedersprisen "Gromsau" dette året tildeles Ove A. Myklebust i Søgne i Vest-Agder. Dei oppmoder oss om å støtte forslaget. Det gjer me, og Ragnhild sender svar.
- Helse og velferd i lamminga: Pengane frå FM har kome inn på konto nyleg, og skal utbetalast dei laga det gjeld. Me vidarefører ordninga til 2015, som blir det siste året.

- Avslutvalet for Geit er avslutta for fleire år sidan. Styret i SFSG gjer vedtak om at summen på 4847,55 kr på bankkonto 3832 2000607 vert overført SFSG konto 37032015213.
- Etter oppmoding frå eit lokallag inviterte SFSG lokallag og beitelag i dei kommunane som har hatt tap til ulv, og laga i dei tilstøytande kommunane, til eit felles møte for kva ein skal gjere framover. Det kom på dette møte opp trong for utstyr til fellingslaget, og eit felles varslingsnummer. Dette vart drøfta på styremøte, og ein vedtok å sende ei oppmoding om at alle beitelaga i fylket betalar inn kr 100,- pr. medlem til utstyr m.m.
- SFSG har blitt kontakta av medlemmar frå lokallag der det ikkje har vore halde årsmøte dei siste åra. Vert det ikkje halde årsmøte for 2014 innan fristen 1. februar vil SFSG ta initiativ til at det vert avvikla årsmøte, så dei kan få valt utsendingar til fylkesårsmøtet.
- **Innspel til jordbrukstingingar 2015:** På leiarsamlinga blei det sett saman ei gruppe som skulle lage eit grovutkast. Dette skal vere klart til møtet om jordbrukstingingar med Bondelaget 11. desember. Gruppa bestod av : Lars Nesse, Svein Helge Hovstad og Vidar Heggheim. På styremøtet var desse punkta sett av gruppa, og styret i SFSG går god for dette: (Litt forkorta her.)

Vi ynskjer eit oppgjer med auka vekt på **strukturiltak** fordi :

1. Alle bønder, også på mindre og mellomstore bruk har ein del grunnutgifter som må dekkast for å ha ein landbruksproduksjon.
  2. Avstandar, landskap og arrondering i landet vårt gjer at vi også treng mindre og mellomstore bruk over heile landet for å halde matjorda vår i produksjon og produsere maten vi treng.
  3. Vi treng å halde på flest mogeleg av dei bruka som no er i drift for å ta vare på kulturlandskap, oppretthalde eit fagleg miljø i grender og kommunar og oppretthalde busetnad i bygdene våre. Dette har mange ringverknader, t.d. for turistnæringa.
  4. Det er viktig at landbrukspolitiske mål er styrande for jordbruksoppgjeret, og ikkje mål om forenkla administrasjon og kontroll.
- **Det er svært viktig å halde på den strukturen som er att i noverande avtale**, jfr. grunngjevinga ovanfor.
  - **Det ein kan få av friske midlar til sauebruk, må gå til å styrkje lønsemda for alle, dvs. tiltak i botn!** Vi vil foreslå at lammetilskotet for dei første 100 lamma vert auka med 200 kr.
  - Heile Sogn og Fjordane bør plasserast i sone 3 for distriktstilskot for kjøt. No er dei ytre delane av fylket plassert i sone 3 medan resten er i sone 2. Det utgjer ein skilnad på 2,80 kr pr kg kjøt.